



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-15

Sakshandsamar: Hilde Øyane

### Saksgang

| Utval        | Møtedato   | Saksnummer |
|--------------|------------|------------|
| Ungdomsrådet | 17.10.2024 | 14/24      |

## Oppfylging av statsingsområde i samarbeid med SLT

### Bakgrunn for saka

I samband med utarbeiding av lokal handlingsplan for SLT-arbeidet i Tokke kommune for perioden 2024-2027 var Tokke ungdomsråd involvert i planprosessen.

Ungdommane fekk sjølv kome med forslag til tiltak som skulle prioriterast. Då handlingsplanen blei lagt fram i kommunestyret, var leiar av Tokke ungdomsråd Sverre Nygård Ståland med og presenterte ungdomsrådet sine prioriteringar

#### Tiltak 1- Båtførarkurs/Snøskuterkurs teori og praksis

*Dette har vore etterspurt av ungdommen sjølv. Å få til båtførarkurs igjen, inkludert praktisk opplæring, vil vere med å sikre trygg ferdsel på vatn. Å få praksis er viktig sidan ein ikkje kan lese seg til å køyre båt. Forslag frå Ungdomsrådet er at kommunen dekkjer halvparten av kursavgifta til snøskuterlappen for ungdom frå Tokke mellom 16-20 år, samt halvparten av kursavgifta til båtførarkurs for ungdom mellom 14-18 år.*

#### Tiltak 2 – Lokal køyreopplæring traktor og moped.

*Flere ungdommar og føresette ynskjer intensivkurs på Dalen. Det er meir praktisk og ein slepp å reise ut av kommunen. Det er eit miljøvennleg og kostnadsbesparande tiltak.*

### Saksutgreiing

*Både snøskuterkurs og båtførarkurs for ungdom legg vekt på tryggleik og ansvarleg ferdsel. Ved å støtte delar av kursavgift, vil ein gje fleire ungdommar tilgang til kursa, som igjen vil vere med på å førebygge ulykker og skape tryggare ferdsel, betre haldningar og bidra til sosial utjamning. Dette er i tråd med kommunens haldningsskapande arbeid.*

## **Konklusjon**

## **Kommunedirektørens tilråding**

## **Ungdomsrådet si handsaming av sak 14/2024 i møtet den 17.10.2024**

### **Røysting**

SLT-koordinator Merethe J Reinskås la fram saken for ungdomsrådet

### **Røysting:**

Tokke ungdomsråd ynskjer å lage ei sak kring lokal køyreopplæring på traktor og moped og sak kring sponning av 50% av kursavgift ved snøskuterlappen eller båtførarførarkurs til kommunestyret. Leiar av ungdomsråd vil legge fram saka for kommunestyret. SLT-koordinator lagar utkast til saka med bakgrunn i innspel frå Tokke ungdomsråd om kvifor kommunen bør prioritere dette tiltaket.

### **Vedtak**

Tokke ungdomsråd ynskjer å lage ei sak kring lokal køyreopplæring på traktor og moped og sak kring sponning av 50% av kursavgift ved snøskuterlappen eller båtførarførarkurs til kommunestyret. Leiar av ungdomsråd vil legge fram saka for kommunestyret. SLT-koordinator lagar utkast til saka med bakgrunn i innspel frå Tokke ungdomsråd om kvifor kommunen bør prioritere dette tiltaket.

---

---